


Dato	Elevkode	Kjønn:	Det første språket du lærte:	2.utkast
29.09.13	r 609			

Skriv ein artikkel, der du forklarar kvifor muslimane i S1 ønskjer å bygge moske. Oppgje kjeldene du har brukt.

Blir det moske i S1?



Eg skal forklare kvifor muslimane vil ha moske i S1. Vi i 7.klasse har hatt besøk av F1. F1 var FN flyktning frå Afghanistan. Ho var 12 år då ho flykta, og 19 år seinare har ho ikkje returnert tilbake.

Det begynte i 2001, det var ein muslimsk person som døde. Og dei hadde ikkje moske. Så dei skulle gravlegge han på kyrkjegarden, og deira reglar for gravlegging er at høgre skulder og hovudet skal vere vendt mot Mekka, men dei fekk ikkje lov og gravlegge han slik i kyrkja fordi at der skal føtene vere vendt mot nord. Då tenkte dei at det hadde vore fint å ha ein moske med ein eigen gravplass. Men det var mange, og det er mange no, som er i mot moske i Førde, så det måtte jo bli eit problem.

Dei må jo og ha eit lokale dei kan ha fredagsbønn i. Og sist, men ikkje minst vil dei jo ha ein plass dei kan få ha koranundervisning til ungane. Dei fekk tilbod om å ha eit lokale som lukta alkohol, men det sa dei nei til, for muslimar får ikkje lov å drikke alkohol, og då ville dei ikkje ha ein moske som lukta alkohol. Dei fekk tomt ved sida av S2, men då dei hadde laga skisse for mosken, fekk dei plutselig ikkje tomte likevel. Det var fordi at dei hadde fått pengar til mosken frå Saudi-Arabia, og Saudi-Arabia vil ikkje ha kyrkjer i landet sitt, og då kunne dei ikkje få pengar frå dei til å bygge moske her.

Så no er det berre for muslimane og vente, og sjå om kommunen kjem fram til noko lurt. Eg tenkjer at dei kan få ein moske på tomte vedsiden av S2, og at dei kan få dei pengane som dei mangla til å bygge mosken frå kommunen.

F1

og faren, M1

